


Hytte-avfall i fokus



Dette kan vera ei mogeleg løysing for hytteavfallet.

Har du som er hytteeigar i SIM-området, lurt på kvar det er blitt av papirkonteinarane? Går det an å kjeldesortera på hytta? Kan dagens hytterenovasjon bli betre for hytteeigarar og for naturen?

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som går gjennom heile ordninga med renovasjon for fritidsbustader. Gruppa tek for seg tenestetilbod, kostnader og omfang av kjeldesortering, og skal prøva å finna best moglege løysingar med konteinarar og dunkar. Det er valt ut tre prøvekommunar: Kvinnherad, Tysnes og Austevoll.

Det er ein representant frå kvar av dei tre kommunane i arbeidsgruppa i tillegg til ein representant frå SIM.

Etter at 3-dunk-ordninga er blitt innført for fastbuande i SIM-kommunane, er papirkonteinarane blitt fjerna. Dessutan kan ein ikkje lenger setja ut svarte bossekker langs renovasjonsruta. I samband med dette er det sendt ut eit eige skriv til dei som eig fritidsbustad.

Små innkastluker

I dag er det lagt opp til eit bringesystem for hyttefolk, dvs. at ein sjølv må ta med forts. på siste side

Tilbodet per i dag

Korleis kvitta seg med hytteavfall før det nye prosjektet vert sett ut i livet? Sjå s. 2

Hyttekonteinarar

Røynslene tilseier at det er mykje feil bruk av hyttekonteinrarar. SIM håpar å redusera dette problemet. Sjå s. 3

NOTISAR

Heimekompostering
på hytta?



Det vil vera ei føremon om minst mogleg matavfall kjem i hyttebehaldaren, då det er dette avfallet som skaper luktpproblem. Det er heller ikkje ynskjeleg at ein slik ressurs hamnar på fyllinga, og skapar miljøulemper der.

SIM oppmodar hyttefolk å enten heimekompostera på hytta, eller å ta med matavfallet heim til biodunken/kompostbingen for dei som har det. SIM heldt kurs i heimekompostering i alle medlemskommunane årleg. Ta gjerne kontakt med SIM for meir informasjon.

4300 hytteabonnentar i SIM

Kommunane i SIM lokkar tydelegvis til hytteliv. Det er registrert over 4300 hytter i dei sju medlemskommunane, og alle kommunane, utanom Stord, har tvungen hytte-renovasjon.

Tilbodet som gjeld i dag

Korleis skal ein kvitta seg med avfallet på hytta før det nye prosjektet vert sett ut i livet?

Hyttekonteinarar

Hovudsakleg store samlekonteinarar og nokre 660 liter dunkar som er plasserte på sentrale plassar og ved hyttefelt.



Hyttefolk har tilbod om ein eller fleire trilledunkar, og må tinga desse hjå SIM.

Eigne trilledunkar

Det er tidlegare blitt informert om at abonnentar med fritidsbustad har tilbod om eigne trilledunkar for bio-, papir- og restavfall etter innføringa av 3-dunk-ordninga for fastbuande. Dette har vore svært lite etterspurt, noko SIM trur skuldast at det passar därleg for mange å setja ut og henta inn trilledunken etter tømeruta når ein ikkje bur på staden permanent. Dessutan må ein betala ei ekstra avgift for desse dunkane i tillegg til det vanlege renovasjonsgebyret.

sekken er grå, er merkte med «ekstrasekk for restavfall» og er til salgs hos teknisk etat og miljøsentralen i kommunen for 25 kr. per stk.

Returpunkt

I tillegg til hyttekontinarane er det plassert ut glas- og kleskontinarar rundt om i kommunen.

På miljøsentralen kan ein levera kvitevarer, spesialavfall, hageavfall, trevirke, metall, mjukplast, papp og restavfall. Dette tilbodet er **gratis** for private dersom avfallet er sortert.

Sjå opningstider på baksida av bladet.

Ekstrasekker for restavfall

Det er høve til å kjøpa ekstrasekker for restavfall som kan setjast fram til bilen ein gong i månaden, når det er henting av restavfall (sjå tømekalenderen som er sendt ut tidlegare). Desse



Bruk av hyttekonteinrar

Hyttekonteinrarane skal brukast til det same avfallet som fastbuande hiv i dei tre dunkane sine.

Både hyttefolk og fastbuande må levera grovavfallet og spesialavfallet sitt til nærmeste miljøsentral og kan ikkje levera slikt avfall i hyttekonteinaren. Dei fleste konteinrarane har førebels store innkastluker. Røynslene så langt

tilseier at det er mykje feil bruk av hyttekonteinrarane, og SIM håpar å redusera dette problemet ved å gå over til små innkastluker. Det er allereie plassert ut nokre hyttekonteinrar med små innkastluker. Problemets er at ikkje alle aksepterer eller skjørnar at avfallet må puttast i mindre posar når ein brukar desse, og det hender at avfallet vert plassert utanfor konteinaren.

Miljøkontinar med små innkastluker, krev at ein pakkar avfallet i mindre posar.

Utleige av private hytter

For deg som leiger ut fritidsbustaden, er det viktig at leigebuarane vert informerte om kva ein skal gjera med boset,

t.d. at avfallet må pakkast slik at ein får det inn i behaldaren og ikkje set det utanfor.

NOTISAR

Sommaropning

Tysnes miljøsentral, Eredalen, held ope laurdag 11. juli i tillegg til dei faste opnings-tidene.

Slamtøming i Tysnes

I samband med tøming av septiktankar på fritidshus i Tysnes kommune vart det sendt ut eit brev frå Svein Klungtveit AS, som er det firmaet som gjennomfører tøminga for SIM.

Diverre var det feil informasjon i brevet, noko me seier oss leie for. I brevet gjekk det fram at «dei tankane som ligg slik til at dei praktisk ikkje let seg töma, vil verta fritekne frå ordninga». Dette er altså ikkje tilfelle, og dei mange som har teke kontakt med kommunen har fått det same svaret.

Det vil bli sendt ut eit nytt varsel om tøming av septiktankar i kommunen i nærmaste framtid.

Metallemballasje



Om ikkje lenge vert returpunktua truleg utvida med utsortering av metallemballasje. Den praktiske gjennomføringa av dette er ikkje på plass i SIM, så derfor må slikt avfall framleis gå i restavfallet.

Bergensområdets Inter-kommunale Renovasjons-selskap (BiR) er allereie komen i gang med å ta imot metallemballasje til attvinning, og leverer no denne type avfall i lag med glaset.

OBS! Dei som bur i BiR og har hytte i SIM må vera oppmerksam på denne skilnaden.

Full kontinar?

Hyttekonteinrarane er for hyttefolk.

I sommarsesongen vert hyttekonteinrarane tømde fast ein gong i veka. Utover dette vert det ekstra tøming når det er trøng for det. Det hender dverre at hyttefolk ikkje får tömt hushaldsavfallet sitt fordi behaldaren er full. Dette må misbruken av

hyttekonteinrarane ta noko av skulda for. Overfylte konteinrarar fører til forsøpling av området, og det vert ofte eit problem at fuglar strør avfallet utover.

Det hender også at parkering framfor konteinaren gjer at tömebilen ikkje kjem til for å töma. Gje melding til SIM dersom dette er eit problem.





SIM

Sendar:
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk,
Svartasmøget,
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

C

Prosjekt hytte-avfall forts. frå s. 1

seg avfallet fram til nærmeste hyttebeholder. Dette vil me også satsa på vidare, men no er planen at dei fleste store beholderane skal byttast ut med dunkar på 600-700 liter. Det skal plasserast ut to og to dunkar rundt om, ein for papir og ein for det andre avfallet. Dette vil føra til nærmere bringepunkt for mange, i tillegg til at det vert mogleg å sortera ut papiret.

Nokre stader vil det framleis vera naturleg å ha større konteinarar, ved svært spreidd busetnad, båthamner o.l. Felles for begge løysingane, er at det vert små innkastluker på beholderane.

Innspel

Hytteeigarane i dei tre prøvekommunane, Austevoll, Kvinnherad og Tysnes, vart i vinter inviterte til å koma med innspel til løysingar for hytterenovasjonen. Det vart sendt ut om lag 3500 brev, og responsen var bra.

Konklusjonane som vart trekke ut frå tilbakemeldingane, kan summa rast slik: Mange er nøgde med dagens ordning, som er ein stor beholder for blanda avfall. Dei fleste er likevel interesserte i å kjeldesortera dersom det vert lagt til rette for det.

Andre meiner dei ikkje nyttar seg av tilbodet for hytterenovasjon fordi det er enklare å ta boset sitt med heim, og vil difor sleppa billegare unna. Svært mange tykkjer dei betaler mykje i gebyr, sett i høve til kor mange dagar i året hytta vert brukt. Dessutan er det observert mykje feil bruk av hyttekonteinarar, noko som er til irritasjon når resultatet ofte er fulle konteinarar med bos rundt. Prosjektgruppa takkar for alle innspel og skal ta dei med i den lokale planlegginga.

Sommaren 1999

Det er planen å prøva ut den nye renovasjonsordninga i dei tre kommunane sommaren -99. Hovudlinjene byrjar å

falla på plass, men det gjenstår ein del arbeid på detaljnivå. Dessutan tek det tid å få laga beholderane og få avklart med grunneigarane kvar desse kan plasserast. Denne gongen ynskjer SIM i lag med hytteeigarane å gjera det meir hyggjeleg rundt hyttebeholderane enn det som er tilfelle mange stader i dag. Håpet er at dei som er saman om hyttebeholderane, skal få lyst til å stella fint både med dunkar og området rundt, og at andre ikkje tek seg til rette. Det er for tidleg å seia noko om kostnadene med ny hytterenovasjon. SIM minner om at det er den enkelte kommune som avgjer kva renovasjonsgebyret for fri-tidsbustader skal vera.



Reksteren

Allereie denne sommaren vil SIM setja ut ein dunk for papir og ein dunk for restavfall med små innkastluker som eit lite prøveprosjekt på Reksteren på

Tysnes. Det er ynskjeleg å sjå korleis dette vert motteke i liten skala i første omgang. Planen er å setja ut 15 sett med to dunkar rundt om i området. Dunkane vil vera merkte med papir og restavfall.



Ingen ynskjer at søppel skal flyta. SIM si oppgåve er å leggja til rette for å unngå problemet, men er avhengig av at den einskilde følgjer opp. Ha ein fin ferie!

Opningstider miljøsentralane

Austevoll

Porsdalen
torsdag 9 00 - 18 30
tlf 56 18 56 42
tlf tekn. etat 56 18 03 00

Bømlo

Hollundsdalen
måndag og tysdag 13 00 - 15 00
torsdag 13 00 - 18 00
tlf 53 42 31 60
tlf tekn. etat 53 42 31 11

Fitjar og Stord

Svartasmøget
måndag 8 00 - 18 00
tysdag - fredag 8 00 - 15 30
annankvar laurdag 9 00 - 12 00
(veker med partal vekenummer:
2, 4, 6...)
Mottak for spesialavfall også på
Vabakkjen, Stord, same opnings-
tid som bensinstasjonen.

Kvinnherad

Husnes industriområde
måndag 12 00 - 19 00
onsdag 07 00 - 15 00
fredag 07 00 - 11 00
tlf 53 47 13 90
tek. etat 53 48 31 00

Sveio

Svelåsen
måndag 12 00 - 18 00
tlf 52 74 06 95
eller 946 12 633
tek. etat 52 74 01 00

Tysnes

Eredalen
tysdag 07 00 - 15 00
siste laurdag kvar
månad: 8 00 - 14 00
tlf 53 43 16 01

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk

Svartasmøget,
N-5419 Fitjar
telefon 53 45 78 50
telefaks 53 45 78 60
e-post: simsim@online.no

Redaksjonen avslutta 17.06.1998

Trykt på resirkulert papir (Cyclos 140 g)

Grafisk produksjon: IBOX AS

Illustrasjoner: Solveig Anderssen